



Austrheim
KOMMUNE

Nytt helse og omsorgstun

Prosjektmandat og framlegg til organisering av prosjekt

Kommunestyret 13.04.2023

Anne Hildegunn Færøy, Kommunalsjef helse og velferd

Bakgrunn

FS - 23.02.2023, sak 022/23

Formannskapet i Austrheim sluttar seg til framlegg til å setja ned politiske styringsgrupper for:

- *1. Planlegging og etablering av nytt helse- og omsorgstun*
- *2. Etterbruk av Nordliheimen*

Framlegg til kandidatar skal utpeikast av den politiske valnemnda.

Formannskapet gir kommunedirektøren i oppdrag å utarbeide prosjektmandat med forslag til organisering av arbeidet for dei to prosjekta.

Prosjekta skal planleggast og gjennomførast i samsvar med kommunen sitt prosjektreglement.

Prosjektmandat

Prosjektmandatet:

- ein avtale mellom prosjekteigar (kommunestyret) og prosjektorganisasjonen som skal gjennomføre prosjektet
- gir prosjektansvarleg (kommunedirektøren) fullmakt til å nytta ressursar til planlegging og gjennomføring av prosjektet
- skal bidra til å tydeleggjere rammer, ansvar og mynde for alle ledd i prosjektorganisasjonen.

Resultatmål

Ferdigstille nytt helse- og omsorgstun i Austrheim kommune innanfor vedtekne rammer for tid, kostnad og kvalitet.

Effektmål

- oppfylle framtidige krav og behov for heildøgns plassar og omsorgsbustader i Austrheim kommune
- meir heilskaplege og koordinerte tenester gjennom samlokalisering og samordning
- effektivitet og sambruk av ressursar
- oppfylle krav til pasienttilpassingar og universell utforming
- bruk av framtidsretta teknologi, digitale løysingar og medisinteknisk utstyr
- meir fleksible og framtidsretta løysingar
- oppfylle krav til eit bygg som er rasjonelt å drifta og vedlikehalda (energieffektiv, lav driftskost)
- rekruttere og behalde helsepersonell
- redusere bygningsmasse som kommunen eig og nyttar
- ytterlegare effektmål må utgreiast og avklarast i **konseptfasen** av prosjektet

Organisering

Prosjekteigar:

- Kommunestyret

Prosjektansvarleg:

- Kommunedirektøren

Politisk styringsgruppe:

- Samansett av medlemmane i det nye Levekårsutvalet
- Det vert tilrådd at vert sett ned ei midlertidig styringsgruppe fram til fram til Levekårsutvalet er etablert

Prosjektgruppe:

- Samansett av representantar frå administrasjonen og ressursar med prosjekt- og fagleg kompetanse.
- Kan knyta til seg ekstern kompetanse ved behov, innanfor dei økonomiske rammer som er sett av til dette

Referansegruppe:

- Samansett av ressurspersonar og interessantar som kan støtte og gje råd i prosessen.



Rammer og framdrift

Prosjektreglement:

Austrheim kommune sitt Prosjektreglement skal følgjast gjennom prosjektperioden

Faseinndeling av prosjektet:

Konsept- og planleggingsfase:

- Utarbeide gjennomføringsplan med milepælar og vedtakspunkt
- Gjennomføre behovsvurdering og interessentanalyse
- Gjennomføre analyse som grunnlag for funksjonsskildring og romprogram
- Utgreie ulike tomteforslag
- Utarbeide forventa kostnadsramme, samt konsekvensar for driftsbudsjettet
- Vurdere finansieringsmodell og tilskotsmidlar



Økonomi/finansiering:

For konsept og planleggingsfasen er det i budsjett for 2023 lagt inn ei ramme på kr 1 000 000. Dersom denne ramma må aukast vi ein koma attende med dette i HØP.

Etterbruk av Nordliheimen

- Etterbruk av Nordliheimen og vurdering av kva tenester det kan vere hensiktsmessig å samlokalisera i bygget vert sett i samanheng med behovs- og interessentanalysen som skal gjennomførast i samband med nytt helse- og omsorgstun.
- Arbeidet med etterbruk av Nordliheimen og utarbeiding av mandat for dette prosjektet vert utsett til interessent- og behovsanalyse er gjennomført, og det er avklara kva tenester som skal lokaliserast i det nye helse og omsorgstunet

Sak 029/23

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til prosjektmandat og forslag til organisering slik det føreligg
2. Kommunestyret sluttar seg til at det nye Levekårsutvalet får i oppdrag å vere styringsgruppe for prosjektet, og at det vert sett ned ei midlertidig styringsgruppe fram til utvalet er etablert
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å etablere prosjektgruppe og utarbeide gjennomføringsplan med milepælar
4. Kommunestyret sluttar seg til at mandat og organisering av arbeidet med etterbruk av Nordliheimen vert utsett til interessent- og behovsanalyse er gjennomført, og det er avklara kva tenester som skal lokaliserast idet nye helse og omsorgstunet

Sak 030/23

Oppnemning av styringsgruppe for nytt helse og omsorgstun

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til framlegg til å setja ned politiske styringsgrupper for:

1. Planlegging og etablering av nytt helse- og omsorgstun
2. Etterbruk av Nordliheimen

Framlegg til kandidatar skal utpeikast av den politiske valnemnda.

Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å utarbeide prosjektmandat med forslag til organisering av arbeidet for dei to prosjekta.

Prosjekta skal planleggast og gjennomførast i samsvar med kommunen sitt prosjektreglement.

Nytt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til at det nye Levekårsutvalet får i oppdrag å vere styringsgruppe for prosjektet, og at det vert sett ned ei midlertidig styringsgruppe fram til utvalet er etablert.